

Jan Mittet  
Ievegen 186  
5917 ROSSLAND

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/13677 - 20/49675

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
14.08.2020

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 349/15 lo


Tiltak: Fasadeendring , tilbygg bruksendring fra sjøbu til bustad  
Byggjestad: Gbnr: 349/15  
Tiltakshavar: Jan Mittet  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.08.2020.


### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi kan ta stode til dispensasjon, men byggesøknad utan ansvarsrett kan ikkje nyttast ved tiltak som fasadeendring, tilbygg og bruksendring av heile 2.etasje til sjøbu til bustad. Det skal sendast byggesøknad i regi av ansvarleg føretak/søkjar med ansvarsrettar for alle ansvarsområder. Dette kan gjerast etter dispensasjon er handsama.
2. Vi tolkar søknad ikkje som bruksendring men som etablering av ny sjølvstendig bueining, sidan sjøbu kan ikkje nyttast som bustad, men som sjøbod. Etablering av bustad skal knyta fleire krav: vegtilkomst (utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå offentleg veg- fylkesveg), vass-og avløp.
3. Det skal avklarast med VA-avdelinga om det er mogeleg å tilkople bustad til kommunalt vatn-, avlaup. Evt. skal det redegjerast om privat vassforsyning og utslepp. Du opplyser om lagt vatn og avlaup til naust/sjøbu men dette er ikkje stadfesta med kopi av løyve. Det skal søkjast om auking av utslepp til Miljø-og tilsyn avdelinga viss det er ikkje godkjent auking av eksisterande utslepp frå før av.
4. Det er ikkje teke stode til TEK-17 krav i søknaden. Det skal mellom anna avklarast vedr. fritak frå TEK eller at tiltaket skal tilfredsstillast krava.
5. I byggesøknad skal det redegjerast om parkeringskrav, minste uteopphaldsareal, etc. Det skal ansvarleg søkjar ta seg av.
6. Det er vist section 2 på situasjonsplan-utomhus. Det går ikkje klart frå teikningar kva type tiltak er dette: terrasse, platting. Det må definerast og opplyst om høgde og bygd areal for denne delen av tiltaket. Det er også vist mur på situasjonsplan med brun strekk langs sjøen. Både tilbygg section 2 og mur må takast med i søknad.



7. Tilbygg som er avgrensa med mur på perspektivteikning A128 må definerast med funksjon:



Kommunen ber om at tilleggsmasjning vert sendt inn samla innan 16.09.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jan Mittet

levegen 186

5917

ROSSLAND